

# Vi vil bidra til ei berekraftig utvikling



SUNNFJORD  
UTVIKLING



---

# Innhold

---

1. Vårt oppdrag
2. Fakta om selskapet
3. Om berekraftsmåla
4. Dette er våre ambisjonar
5. Våre prioriterte berekraftsmål
6. Våre prioriterte tema

# Om Sunnfjord Utvikling AS

Sunnfjord Utvikling AS er nærings- og tiltaksapparatet til Sunnfjord kommune. Føremålet er enkelt sagt å bidra til ei god og framtidsretta utvikling i Sunnfjord.

Sunnfjord er ein region i Vestland der det skjer mykje positivt. Dei største næringane, målt etter verdiskaping, er bygg, anlegg og eigedom, samt tenesteyting, bank og finans. Sunnfjord er også den største jordbrukskommunen i Fjordane, og bidrar til høg sysselsetting i næringsmiddelindustrien. Likevel - regionen har utfordringar som vi skal bidra til å takle. Det gjeld folketalsutvikling og demografi, men særleg tilgang på kvalifisert arbeidskraft.

Det er med dette som bakteppe vi skal arbeide med oppgåver som er av felles interesse for det lokale næringslivet, kommunen og innbyggjarane. Våre ambisjonar er å bli best på samarbeid og nyskaping, rekruttering, attraktivitet, berekraftig utvikling og grøn omstilling. Vår metode er samarbeid, kunnskap, kompetanse, profilering og gode nettverk. Våre aktivitetar er rådgjeving, møteplassar, prosjektarbeid, kurs, påverknad og utgreiingar.

Vi skal hjelpe nye etablerarar, og vi skal leggje til rette for at eksisterande næringsliv kan utvikle seg vidare og eventuelt skape ny aktivitet. Vi skal vere eit samlande punkt mellom næringsliv, kommunale og offentlege styresmakter, og gje rettleiing til einssilde personar og bedrifter innan næringssspørsmål, slik at desse er sikra best mogleg hjelp frå private og offentlege organ.

Sunnfjord Utvikling AS er eigd av Sunnfjord kommune og næringslivet i området. Styret er samansett av representantar frå kommunen og tre representantar frå næringslivet. Vi arbeider på oppdrag, men også i lag med mange partnerar. Desse er:

- Næringslivet
- Verkemiddelapparatet
- Stiftingar
- Vestland fylkeskommune og kommunane
- Organisasjonar
- Forsking og utdanning
- Enkeltpersonar

# Fakta om selskapet

---

## Kort fortalt:

- Adresse: Peak Sunnfjord, Hafstadvegen 25, 6800 Førde
- Organisasjonsnummer 985 568 650
- Aksjeselskap med 6 eigarar
- Registrert i Foretaksregisteret, mva. registeret, arbeidstakarregisteret
- Omsetnad i 2021 - 8,5 MNOK
- Tal tilsette - 4 faste tilsette og 1 på engasjement (4 kvinner og 1 mann)
- Tilsette har fått innsikt i berekraftsmål og -arbeid
- Selskapet har oversikt over kundar, leverandørar og andre interessentar

## Styret:

- John Helge Lunde (styreleiar), Olve Grotle (nestleiar), Jenny Ellaug Følling, Atle Hamar, Helge Robert Midtbø, Geir Opseth og Sissel Marie Bruland Gurvin.

## Dagleg leiar:

Gunhild Berge Stang

---

## Dei viktigaste interessentane:

- Næringsliv
- Tilsette
- Eigarar (kommune og næringsliv)
- Sunnfjord kommune
- Lokalsamfunn
- Partnerar offentleg og private

## Dei største leverandørane:

- Peak Property AS
- PwC AS
- BDO AS
- Firda revisjon og rådgjeving AS
- Norconsult AS

## Våre inntektskjelder (i prioritert rekkefølge, der 1 er størst):

1. Sunnfjord kommune (drift)
2. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane (prosjekt)
3. Sparebankstiftinga Vest (Rekrutteringsforum Sunnfjord)
4. Næringslivet (drifts- og prosjektmidlar)
5. Vestland fylkeskommune (prosjektmidlar)

# Om bærekraftsmåla

FN sin agenda for ei bærekraftig utvikling innan 2030 er eit av dei mest ambisiøse og viktige globale samarbeidsavtaler i nyare tid. Måla er verda sin felles arbeidsplan for å nå dei 17 måla, med i alt 169 delmål. Tilsaman gir dei ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn.

Noreg har forplikta seg til å arbeide for å nå måla og treng hjelp frå alle andre partar, også næringslivet. Det er tid for at bedrifter bidrar med gode løysingar, også vi.



Utfordringane er store og målsettinga er ikkje enkel. Det finst heller ingen kvikk-fiks på problema, men det er viktig at vi klarar det. Det handlar om å ta vare på behova til menneska som lever i dag, utan å øydelegge for framtidige generasjonar sine moglegheiter.

Dei 17 bærekraftsmåla, med 169 delmål, blei vedtekne på FN si generalforsamling i 2015, med tilslutning frå alle medlemslanda. Dei omfattar alle land og berører alle delar av samfunnet.

Bærekraftig utvikling innan 2030 går langs tre dimensjonar: økonomisk, sosialt og miljømessig, derav forkortinga ESG (Environment, Social and Governance).

---

# Dette er våre ambisjoner

- Det går godt i næringsliv og offentlig sektor i Sunnfjord kommune. Næringslivet har auka etterspurnad og betre resultat, samstundes som vi har fått mange nye lovande gründerverksemdar. Offentleg sektor får fleire statlege arbeidsplassar og mange store offentlege investeringar er under gjennomføring eller planlegging.

Det grønne skiftet og klimaendringar skapar moglegheiter for oss gjennom ressursgrunnlaget i regionen. Samstundes vil det skape begrensningar og nye rapporteringskrav som vil føre til omstilling for både næringsliv og offentlig sektor. Demografiske endringar og urbanisering fører til utfordringar med at det vert fleire eldre i Sunnfjord og at verksemdene får rekrutteringsutfordringar. Dette vil vi vere med å løyse.

Berekraftsmåla er ikkje berre verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Dei er vårt kompass i vårt samfunnsoppdrag. Skal vi lukkast, krev det haldningsendringar, kunnskap og omstilling. Vi kjem til å rapportere årleg på vårt berekraftsansvar, første gong for 2022.

---

Vi i Sunnfjord Utvikling må ta på oss den "gule leiartrøya". Alle skal merke at vi gjer ein positiv forskjell. Vi skal skape og løfte i lag med andre om å vere attraktive og levedyktige. Berekraftsmåla er vårt kompass og rettesnor!

Gunhild Berge Stang, dagleg leiar  
i Sunnfjord Utvikling AS,  
30.06.2022



# Våre prioriterte berekraftsmål



FNs BÆREKRAFTSMÅL

Vi påverkar økonomi, miljø og folk. Difor er dette relevant for oss. Dette er berekraftsmåla som treff vårt oppdrag best.

8 ANSTENDIG ARBEID  
OG ØKONOMISK  
VEKST



## Menneske

Sunnfjord Utvikling er ein aktiv del av lokalsamfunnet. Vi bidrar til verdiskaping og positiv samfunnsutvikling gjennom å skape grunnlag for nye arbeidsplassar og styrke dei som allereie er etablert. Vi er med på initiativ som kjem alle i lokalsamfunnet til gode, t.d. satsing på kveldsøkonomi. Vi set også lys på og løftar emne som mangfald, utdanning, trivsel og tilhøyre.

9 INNOVASJON OG  
INFRASTRUKTUR



## Innovasjon

I Sunnfjord skal vi bidra til å omstille næringslivet til å bli meir berekraftig. Det betyr å bruke ressursar meir effektiv og auke bruken av reine, miljøvenlege teknologiformer og industriprosessar. Fysisk, digital og kompetanseretta infrastruktur må vere på plass for at samfunnet skal fungere for alle.

11 BÆREKRAFTIGE  
BYER OG  
LOKALSAMFUNN



## Lokalsamfunn

Sunnfjord har dyktige folk og miljø og vi likar å samarbeide med lokale aktørar. Flesteparten av våre leverandørar er heimehøyrende i Sunnfjord-regionen. Vi legg vekt på å vere ein aktiv og positiv medspelar og pådrivar for berekraftig utvikling for alle som kjem i kontakt med oss.

17 SAMARBEID  
FOR Å NÅ MÅLA



## Samarbeid

For å lukkast med berekraftsmåla, trengst det sterke partnerskap. Styresmakter, næringsliv og sivilsamfunn må samarbeide for å oppnå berekraftig utvikling. Skal vi lukkast med å tiltrekke oss folk og løyse demografiutfordringar, så må alle bidra. Difor legg vi også sterkt vekt på å dele våre nettverk og samarbeide med andre. Vi bidrar inn i andre sine prosjekt og inviterer andre inn i våre, både praktisk og økonomisk. Dette er ein berebjelke i vår arbeidsmetode.

# Våre prioriterte tema



## Vesentlege tema og mål

## Aktivitet/prosjekt



Vi skal bidra til profilering og rekruttering av regionen

- Rekrutteringsforum Sunnfjord
- Sunnfjord U40
- Rekruttering, Mangfold og utdanning (IT-Forum Vest)
- Remote Sunnfjord
- Studentjobb
- Profilprosjekt
- Grøne industrietableringar
- Klynger



Vi skal samarbeide med andre om våre samfunnsoppdrag

- Prosjekt
- Møte
- Partnerskap
- Satsingar



Vi skal bidra til å løse samfunnsutfordringar med innovasjon og bærekraftig utvikling

- Etablere helseteknologiklynge i Sunnfjord
- Mineralinkubator
- Prosjekt om ny industri med fornybar energi
- Kompetanse i eigen organisasjon
- Studentjobb